# Vekeplan 5. klasse – veke 47

**Tema:** Vennskap – Mot til å glede
**Norsk:** Forteljing
**Engelsk:** My family
**Matematikk:** Brøk
**Naturfag:** Kjemien si verd
**Samfunnsfag:** Kva er kunnskap
**KRLE:** Det gamle testamentet
**KRØ:** Innebandy + diverse leikaktivitetar

| | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| 09.00 | Norsk | Matematikk | Matematikk | Norsk | Norsk |
| 10.00 | Frukt/ friminutt | Frukt/friminutt | Frukt/friminutt | Frukt/friminutt | Frukt/ friminutt |
| 10.15 | KRLE/ matematikk | Norsk/ fysak | KRØ/ samfunnsfag | Naturfag/ fysak | Naturfag/ matematikk |
| 11.45 | Mat/ friminutt | Mat/friminutt | Mat/friminutt | Mat/ friminutt | Mat/ friminutt |
| 12.15 | Engelsk | Kunst og handverk | Samfunnsfag | Kunst og handverk | KRØ |
| 13.15 | Friminutt | Friminutt | Friminutt | Friminutt | Skuledagen slutt<br>God helg 😊 |
| 13.30 | KRØ | Musikk | Engelsk | KRLE | |
| 14.30 | Skuledagen slutt | Skuledagen slutt | Skuledagen slutt | Skuledagen slutt | |

| Heimearbeid | Informasjon til heimen |
|---|---|
| **Lesing:**<br>Les minst 10 minutt i sjølvvalt bok kvar dag (- ein). **Hugs underskrift på lesekortet.**<br><br>Ein av dagane les du teksten om hoppetau og gjer kryssordet som høyrer til, dei andre dagane les du i leseboka som vanleg.<br><br>**Rekning:**<br>Minst 15 minutt på Multi smart øving.<br><br>I arbeidsbok: Før inn oppgåvene frå oppgåveboka (s. 88-89)<br>Spor A: 6.21 , 6.22, 6.23<br>Spor B: 6.21, 6.22, 6.24, 6.25, 6.26<br><br>**Språk:**<br>Minst 20 minutt på Explore Smart Øving i løpet av veka. | Elevane gjorde ein god jobb med fellessamlinga før dei tok helg! 😊 I tillegg til mykje arbeid med dette, hadde me førre veke litt temaarbeid knytt til vennskap. Mellom anna hadde me «hemmeleg ven» i klassen.<br><br>Tysdag 23. november, er det «Mot til å glede-dagen» og me avsluttar arbeidet med tema vennskap i denne omgang. Då skal me også avsløre kven som har vore kvarandre sine hemmelege vener.<br><br>Onsdag 24. november kl. 16.30 – 19.00 vert det innebandyturnering i gymsalen, for heile mellomtrinnet. Elevane vert delte i lag på tvers av klassane. På slutten får alle noko godt å bite i. Dette vert moro! 😊<br>NB: Hugs gode innesko og gymklede.<br><br>Frå neste måndag, kjem me til å starte dagane med ei lita adventstund, og ha det litt ekstra koseleg i klassen. I samband med dette tenkte me at alle tek med kvar si gåve til ein pakkekalender. Det er viktig at pakkane er «kjønnsnøytrale». Me tenkjer maks 50kr her. Elevane kan kome med si gåve når det måtte passe, men seinast fredag 26. november. Det vert ein elev som får opne pakke kvar dag på skulen. |